



Lillian Vabø Mongstad
Storhaugen 49
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3986 - 15/36160

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.11.2015

Endring av løyve til tilbygg - gbnr 123/71 Risa

Administrativt vedtak. Saknr: 537/15

Tiltakshavar: Lillian Vabø Mongstad
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av løyve gjeve 13.07.12. Endringa omfattar utviding av godkjent tilbygg til kjellarplan med auke i bruksareal (BRA) rekna til å vere om lag 11 m².

Utnyttingsgrad er estimert til ca. 14 %-BRA

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid ihøve utviding av godkjent tilbygg til kjellarplan. Det vert elles vist til søknad motteken 26.11.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.11.15 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Rissundet/id.: 1263-28091977 er definert som bustad føremål .

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 40 % BRA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling.



Ein finn at tiltaket ikkje har innverknad på lys tilhøve, innsyn- og utsyn med omsyn til naboar og gjenbuarar, deira interesser vert ikkje i vesentleg grad råka av arbeidet endringa.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.03.12 og planteikning dagsett 26.11.15. Minsteavstand til nabogrense er i kommunen sitt kartsystem Gemini målt til å vere om lag 6,5 meter. Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan. Tiltaket er underordna eksisterande einbustad på gbnr. 123/71.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2. Tiltaket fører ikkje til auka tal brukseiningar.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk av avkjørsle

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Det er ikkje søknt om dispensasjon frå tekniske krav til byggverk. Kommunen legg til grunn at tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav a vert det gjeve løyve til endring av tiltak for utviding av tilbygg til kjellarplan på eigedom gbnr. 123/71. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist på innsendt teikning dagsett 26.11.15 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Det skal ved søknad om ferdigattest leggjast ved fotodokumentasjon som syner endringane utført på bustaden «as built» dokumentasjon.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3986

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- «As built» teikningar/fotodokumentasjon som syner tiltaka utført på bustaden.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Bruk av kartbasis	1 * kr. 500,-	Kr. 500,-
10.2.8	Endring i løyve – utviding av kjellarplan	1 * kr. 2.900,-	Kr. 2.900,-
	Totalt gebyr å betala		Kr. 3.400,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lillian Vabø Mongstad

Storhaugen 49

5955

LINDÅS